

## **Saksprotokoll i hovudutval for opplæring og kompetanse - 25.05.2021**

**Emil Gadolin, A,** sette på vegner av A, SV, SP og R fram slikt forslag:

«Forslag til vedtak (erstatter fylkesrådmannen sin innstilling):

1. Utval for opplæring og kompetanse stiller seg negative til Stiftelsen Danielsen sin søknad til Utdanningsdirektoratet om etablering av yrkesfag i Bergen.
2. Utval for opplæring og kompetanse syner til samrøystes tilråding frå yrkesopplæringsnemnda i møte 19.05.2021. Utvalet står tilrådinga til yrkesopplæringsnemnda, og ber om at denne vert vedlagt i uttalen frå Vestland fylkeskommune.
3. Utval for opplæring og kompetanse ber Utdanningsdirektoratet både vurdere konsekvensane for dei einskilde utdanningsprogramma, for tilboda sitt geografiske nedslagsfelt og dei meir generelle konsekvensane av ein aukande del privatskuleplassar totalt sett i fylket over tid.»

### **Avrøysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag fekk 6 røyster (3 H, FrP, MDG og KrF) og falt.  
Gadolin sitt forslag fekk 9 røyster (A, SV, SP, R og FNB) og vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

### **Innstilling**

1. Fylkestinget stiller seg negative til Stiftelsen Danielsen sin søknad til Utdanningsdirektoratet om etablering av yrkesfag i Bergen.
2. Fylkestinget syner til samrøystes tilråding frå yrkesopplæringsnemnda i møte 19.05.2021. Utvalet står tilrådinga til yrkesopplæringsnemnda, og ber om at denne vert vedlagt i uttalen frå Vestland fylkeskommune.
3. Fylkestinget ber Utdanningsdirektoratet både vurdere konsekvensane for dei einskilde utdanningsprogramma, for tilboda sitt geografiske nedslagsfelt og dei meir generelle konsekvensane av ein aukande del privatskuleplassar totalt sett i fylket over tid.